



Kommunal- og moderniseringsdepartementet
Postboks 8112 Dep
0032 OSLO

Saksbehandlar, innvalstelefon
Kåre Træen, 5764 3004

Fordeling av skjønnsmidlar til nye kommunar som får utilsikta reduksjonar i inntekter som følgje av kommunesamanslåing

Vi viser til tidlegare korrespondanse gjennom vårt brev av 01.11.2019, dykkar brev av 20.11.2019 og 06.09.2019.

Av skjønnsmidlar som er avsette til fordeling i 2020 har Fylkesmannen no fordelt til saman 10 mill. kroner til fire nye kommunar, som er berekna å få utilsikta reduksjonar i inntekter som følgje av kommunesamanslåing. Følgjande kommunar får i denne tildelinga skjønnsmidlar:

Kommune	kroner
4601 Kinn	3 000 000
4624 Bjørnafjorden	2 000 000
4626 Øygarden	2 000 000
4647 Sunnfjord	3 000 000
SUM	10 000 000

I tillegg til berekningar for nye kommunar som får utilsikta reduksjonar i inntekter som følgje av kommunesamanslåing, har vi i fordelinga teke omsyn til:

- at føremålet med skjønnsmidlar er å fange opp lokale tilhøve som ikkje er vareteke godt nok i inntektssystemet eller gjennom andre tilskotsordningar
- ei heilskapleg vurdering av kommunanes økonomi og behov
- at skjønnsmidlar bør bli gitt på grunnlag av kommunen sin overordna økonomiske situasjon, og ikkje på grunnlag av tilhøve i einskildståande sektorar.

Vi ber om at departementet betalar ut midlane gjennom ein terminutbetaling av rammetilskotet.



Av ei samla skjønnsramme for 2020 på 163 mill. kroner, har Fylkesmannen har sett av 36,8 mill. kroner til fordeling gjennom året. Nyleg er det fordelt 16,550 mill. kroner til fornyingsmidlar (eiga sak til departementet på dette), slik at det etter fordelinga av 10 mill. kroner er att 10,250 mill. kroner til seinare fordeling.

Med helsing

Gunnar O. Hæreid
assisterande fylkesmann

Nils Erling Yndesdal
kommunaldirektør

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg:
Excel-ark med fordelinga

Kopi til:

Kinn kommune	postboks 294	6701	MÅLØY
Øygarden kommune	Ternholmvegen 2	5337	RONG
Bjørnafjorden kommune	Postboks 24	5649	EIKELANDSOSEN
Sunnfjord kommune	Postboks 338	6802	FØRDE